



## Mandat for næringsnettverket i Sogn regionråd

Nettverket skal:

- Vera ein arena for utveksling av erfaringar og informasjon
- Utvikla kunnskap og kompetanse innanfor fagområde
- Vera ein lærings- og utviklingsarena
- Initiera prosjekt innanfor fagområdet
- Samhandla med andre eksterne aktørar

Deltakarane i nettverket har eit særskilt ansvar for å informera/drøfta og avklara saker som vert tekne opp i nettverket i eigen kommune. Deltakaren i nettverket har ansvar for å bringa/ta opp eigne kommunale saker i nettverket.

### 2. Organisering

Kvar kommune oppnemnar næringsansvarleg til nettverket.

Nettverket har møte etter ein møteplan. Nettverket vel sjølv leiar og nestleiar for eitt år.

Ansvar for praktisk tilrettelegging for møta går på omgang mellom kommunane. Dagleg leiar i Sogn regionråd bistår med møteinnkalling og -referat

### 3. Saksgang

Prosjekt initiert av nettverket som krev ressursar skal leggjast fram Sogn regionråd for godkjenning. Nettverket skal samordna sine prosjekt/tiltak med andre prosjekt og nettverk i Sogn regionråd.

### 4. Økonomi

Kommunane dekkjer sjølve kostnader for deltaking i nettverket og eventuelle prosjekt. Større prosjekt bør finansierast av eksterne midlar.

### 5. Rapportering og evaluering

Nettverket rapporterar årleg om sin aktivitet og planar til rådet.